

## Årsmelding for sesongen 2017

Me har ikkje vore flinke til å kalla inn til styremøte dette året heller, men me trur drifta likevel har vore i gode hender. Stort sett har Oddvin, Ole og Jan teke seg av turneringane.

Det har vore eit godt samarbeid med baneigarane som har hatt ein stri tørn med ein til dels svært regntung bane gjennom det meste av sesongen.

Nytt av året har vore eit samarbeid med Kristornskogen GK der me har hatt mandagsturneringar med to startar same dag; ei om morgonen og ei om ettermiddagen, medan Kristornskogen hadde sine turneringar om torsdagane. Tilsaman har me hatt 14 slike turneringar. I meldingsåret har me òg hatt seks stabelfordturneringar. Det vart ny rekorddeltaking på "Tysnesfest Open" med heile 32 golfarar.

Oddvin og Reidar representerte klubben i VM i "Pitch and Put" på Imjelt i Drammen.

Sesongen blei avslutta med nattgolf.

Me takkar for støtta frå sponsorane våre og håpar dei blir med vidare.

Styret for 2017 var:

Oddvin Flornes, Frode Kleppe, Sveinung Aarskog, Ole Rosvold og Jan Vaage.

Vara: Atle Andersland.

Jan Vaage

-leiar-